
Saksnr: 2021/50305-1
Saksbehandlar: Sissel Øverdal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		26.10.2021

Reklame i vidaregåande skule

Forslag til vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek følgjande regleverk for «Reklame i skulen» for skulane i Vestland fylkeskommune:

1. Elevane skal ikkje bli utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke haldningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa.

Eventuell reklame i lokale og bygg skulane leiger, t.d. gymsalar kjem ikkje inn under reglane i § 9-6.

2. Reklameplakatar frå lokalt kulturliv om konsertar, utstillingar eller andre kulturell opplevingar vert ikkje råka av fråsegnene. Vidare vil reklame for elevinitierte tiltak som er ein del av skulen sin verksemd og arbeidet med å skape eit godt skulemiljø vere tillate. Reklame/invitasjonar til aktivitetar og møte bør hengast opp på oppslagstavler på skulen og ikkje delast ut.

Reklame for aktivitetar som har sal eller promotering av produkt og tenester til mål kjem derimot inn under reglane i § 9-6 og kan ikkje tillast sjølv om dei er elevinitierte, t.d. aktivitetar i samband med russefeiringa.

3. Det å ta imot besøk av eksterne organisasjonar og politiske parti på skulane som ein ressurs i opplæringa og inngår i eit pedagogisk opplegg kjem ikkje inn under reglane i § 9-6. Politiske parti vil kunne halde stand m.m. i samarbeid med skuleleiinga

Bedriftsbesøk og partnerskap mellom skule og lokalt arbeidsliv fell utanfor føresegnene i § 9-6 som ikkje gjeld denne typen samarbeid.

4. Produsentlogo på læremiddel kan i utgangspunktet ikkje reknast som reklame som vert ramma av føresegnene om reklame i skulen. Skulane kan vidare ta i mot sponsa gaver og utstyr under forutsetning at det kjem alle relevante elevgrupper til gode og at det ikkje medfører krav om motytingar.

5. Skulane kan utarbeide eigne lokale retningslinjer basert på dette regelverket ved ytterlegare behov. I arbeidet skal skulane nytte Utdanningsdirektoratet sin [Veileder om reklame i skolen](#).

6. Regelverket skal oppdaterast i tråd med eventuelle endringar i ny opplæringslov og rettleiar.

Samandrag

Fylkestinget behandla saka reklame i skulen (PS 136/20) i møte 29.09.20 og vedtok at «Sak om regelverk for reklame på skulane skal leggjast fram for behandling i hovudutval for opplæring og kompetanse.

Det er i dag ikkje tillate med nokon form for reklame som skulen meiner kan ha uheldig påverknad på elevane, men skulen kan tillate reklame som ikkje er skadeleg. Det vil seie at forbodet er fleksibelt og krev vurdering av kva som er uønskt eller uheldig ut frå t.d. alder og modnad.

Kunnskapsdepartementet ønsker å vidareføre lovføresegnene om reklame i skulen i den nye opplæringslova, samt tydeleggjere innhaldet i føresegnene i eige forskrift eller oppdatert rettleiingsmateriell som skal leggje til rette for lik praksis på skulane.

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Birthe Haugen
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget behandla saka reklame i skulen (PS 136/20) i møte 29.09.20 og vedtok at «Sak om regelverk for reklame på skulane skal leggjast fram for behandling i hovudutval for opplæring og kompetanse». I saka vart det vist til kjøpepress grunna russeselskap og utdeling av elevkalendrar, men og til besøk på skulane av ulike interesseorganisasjonar. I svaret frå fylkesordførar den gong vart det mellom anna skilt mellom materiell utarbeidd av og besøk av interesseorganisasjonar som ein ressurs i opplæringa og promotering av produkt og tenester særleg knytt til russefeiringa. Det blei vidare vist til at fylkeskommunen ikkje har eigne reglar for reklame i skulen.

Vedtakskompetanse

Opplæring og kompetanse har vedtakskompetanse jfr. Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse pkt .3.

Vurderingar og verknader

Lowerket

I gjeldande opplæringslov § 9-6 Om reklame i skulen, stå det at:

«Skoleeigaren skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter.»

I høyringsutkastet til ny opplæringslov er ordlyden noko endra, jf § 27-2 Forbod om reklame i skolen:

«Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som kan påverke haldningar, oppførsel og verdiar i stor mon. Heile skoleområdet skal skjermast på denne måten, og det same gjeld læremidla og dei andre læringsressursane som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi forskrift om kva slags reklame forbodet dekkjer»

Det er i dag ikkje tillate med nokon form for reklame som skulen meiner kan ha uheldig påverknad på elevane, men skulen kan tillate reklame som ikkje er skadeleg. Det vil seie at forbodet er fleksibelt og krev vurdering av kva som er uønskt eller uheldig ut frå t.d. alder og modnad.

Kunnskapsdepartementet ønsker å vidareføre lovføresegnene om reklame i skulen i den nye opplæringslova, samt tydeleggjere innhaldet i føresegnene i eige forskrift eller oppdatert rettleiingsmateriell som skal leggje til rette for lik praksis på skulane. Dette vil ligge ei stund fram i tid. Regjeringa tek sikte på å leggje fram eit lovforslag om ny opplæringslov for stortinget våren 2023. Ny lov kan tidlegast tre i kraft skuleåret 23 -24.

Gjeldande rettleiar

Utdanningsdirektoratet sitt *Veiledningshefte for reklame i skolen* vart utgitt i 2009 (oppdatert 2011). I lovføresegna vert orda reklame nytta, mens rettleiaren nyttar det breiare ordet påverknad som understrekar skuleeigar sitt ansvar for å vurdere uheldig påverknad både med omsyn til kommersielt press, men også påverknad med omsyn til haldningar, åtferd og verdiar.

Ansaret som følger av føresegnene er lagt til skuleeigar, men skuleeigar kan delegere mynde til å avgjere kva for reklame m.m. som elevane skal skjermast for til skulane. Overordna ansvar vil likevel liggje hos skuleeigar. Vidare så er ansaret avgrensa til å gjelde elevar i skulen og ikkje vaksne som har opplæring etter kapittel 4A.

Utdanningsdirektoratet rår til at skulane vert engasjert i arbeidet med lokale retningsliner basert på lovføresegnene og rettleiaren og at elevar, eventuelt føresette og tilsette tek del i arbeidet. Involvering i utarbeiding av eigne retningsliner vil i større grad sikre forståing for retningslinjene og sikre ei meir kritisk og bevisst forståing for ulike reklameformer hos alle i skulesamfunnet. Det er også understreka i forarbeida til føresegnene at skuleleiar og lærar er dei som er nærmast til å vurdere kva for reklameformer som kan ha uheldig påverknad for eigne elevgruppe (Ot.prp. nr. 41 (2006-2007)).

Fordi all reklame ikkje er forbode i skulen, må reklamen vurderast mot vilkåra i lova som seier at elevar ikkje skal utsetjast for reklame som er egna til å skape kommersielt press og reklame som i stort monn kan påverke haldningar, åtferd og verdiar. Rettleiaren gir omfattande hjelp med omsyn til den skjønnmessige vurderinga knytte til pedagogiske og etiske omsyn sett mot eleven sin alder og mognad. T.d. kan reklame ha ein pedagogiske verdi og tene eit klart pedagogisk føremål og slik sett bli vurdert til ikkje å ha uheldig påverknad. Vidare kan det vere aktivitetar og tenester eller bedrifter, lag og organisasjonar som det er vanskeleg å gje plass i skulen på grunn av at det dei står for i saker som folkehelse, likestilling og likeverd. Med omsyn til desse etiske vurderingane er § 1-1 *Formålet med opplæringa* ein sentral rettesnor. Føresegnene om reklame gjeld elevar i heile grunnopplæringa, men i vurderinga som skal gjerast er det rimeleg å forventa at elevar i vidaregåande skule i større grad er i stand til å vurdere reklame og annan påverknad kritisk og dermed ikkje treng like mye skjerming som yngre born.

Vurdering og oppsummering

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse meiner det er viktig at unge ikkje vert utsett for kommersielt press eller annan utilbørleg påverknad i skulen. Det følger både av føremålet med opplæringa og læreplanverket at skulane skal fremje medvitne handlingar og vurderingar - også knytte til reklame. Verkemidlar som vert nytta av nasjonale styresmakter er på den eine sida lovføresegner og på andre sida regelverk for opplæring og oppøving av evna til kritisk vurdering. Retningslinjer for å oppfylle § 9-6 må bygge på begge desse verkemidla.

Avdelingsdirektøren ønsker å leggje til rette for eit arbeid med føresegnene gjennom utarbeiding av lokale retningslinjer ved behov innanfor eit felles regelverk for skulane i Vestland. Reklame og påverknad skal vurderast med omsyn til den konkrete opplæringa eller aktiviteten reklamen inngår i og sjåast opp mot elevgruppene det gjeld. Det er derfor behov for eit skjønsmessig handlingsrom for skulane. Å involvere heile skulesamfunnet i utarbeidinga av lokale retningslinjer ved behov vil også kunne gje ei verdfull tilleggsvinst som auka medvit om reklame og påverknad.

Forslag til regelverk for «Reklame i skulen» for skulane i Vestland fylkeskommune

1. Elevane skal ikkje bli utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke haldningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa.

Eventuell reklame i lokale og bygg skulane leiger, t.d. gymsalar kjem ikkje inn under reglane i § 9-6.

2. Reklameplakatar frå lokalt kulturliv om konsertar, utstillingar eller andre kulturell opplevingar vert ikkje råka av fråsegnene. Vidare vil reklame for elevinitierte tiltak som er ein del av skulen sin verksemd og arbeidet med å skape eit godt skulemiljø vere tillate. Reklame/invitasjonar til aktivitetar og møte bør hengast opp på oppslagstavler på skulen og ikkje delast ut.

Reklame for aktivitetar som har sal eller promotering av produkt og tenester til mål kjem derimot inn under reglane i § 9-6 og kan ikkje tillatast sjølv om dei er elevinitierte, t.d. aktivitetar i samband med russefeiringa.

3. Det å ta imot besøk av eksterne organisasjonar og politiske parti på skulane som ein ressurs i opplæringa og inngår i eit pedagogisk opplegg kjem ikkje inn under reglane i § 9-6. Politiske parti vil kunne halde stand m.m. i samarbeid med skuleleiinga

Bedriftsbesøk og partnerskap mellom skule og lokalt arbeidsliv fell utanfor føresegnene i § 9-6 som ikkje gjeld denne typen samarbeid.

4. Produsentlogo på læremiddel kan i utgangspunktet ikkje reknast som reklame som vert ramma av føresegnene om reklame i skulen. Skulane kan vidare ta i mot sponsa gåver og utstyr under forutsetning at det kjem alle relevante elevgrupper til gode og at det ikkje medfører krav om motytingar.

Skulane kan utarbeide eigne lokale retningslinjer basert på dette regelverket ved ytterlegare behov. I arbeidet skal skulane nytte Utdanningsdirektoratet sin Veileder om reklame i skolen.

Regelverket skal oppdaterast i tråd med eventuelle endringar i ny opplæringslov og rettleiar.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse har utarbeida framlegg til regelverk for «Reklame i skulen» for skulane i Vestland fylkeskommune. Regelverket er laga med utgangspunkt i gjeldande opplæringslov og rettleiar.